

# Vil lokke bønder til Kaliningrad

Landbruksministeren i Kaliningrad håpa på utveksling av kunnskap og norske investeringar i heimlandet då han besøkte bønder på Jæren i går.

**KLEPP.** Andrey V. Romanov, landbruksministeren i den russiske enklaven Kaliningrad, viste stor interesse for norske dyrkingsmetodar og teknologi då han besøkte fleire jordbruksbedrifter og bønder på Jæren i går. Han håper at samarbeid og utveksling av kunnskap og teknologi kan bidra til å få jordbruket i Kaliningrad på fote att.

– Vi håper på å få til eit samarbeid, og vi ønskjer alle som vil investere i jordbruket i Kaliningrad velkomne, seier Romanov til Nasjonen.

**– Svært interessant**  
Eit av dei første stoppa på be-

**Vi har ikkje veksthus og denne teknologien i Kaliningrad, og derfor er dette svært interessant.**

Andrey V. Romanov, landbruksminister i Kaliningrad

søksrunden var på gartneriet som Jone Wiig (34) driv på Vik i Klepp. I drivhusa, som har eit samla areal på 17 mål, er det heilårsdyrking av tomatar og agurkar på rundt tredjeparten av arealet. I tillegg til vanleg sommarproduksjon. Romanov, som er i Noreg for første gong, kunne fortelje at gartneri står høgt på ønskelista i Kaliningrad.

– Vi har ikkje veksthus og denne teknologien i Kaliningrad, og derfor er dette svært interessant. Dei klimatiske forholda skulle ligge svært godt til rette for både tomatar og grønsaker, seier Romanov.

Samtidig som han let seg imponere av driftsmetodane, la han heller ikkje skjul på at han trur eit samarbeid og kunnskapsutveksling med norske bønder kan kome begge partar til gode.

– Mi rolle er å leggje godt til rette for utvikling av jordbruket og utveksling av erfaringar. Samarbeid vil vere bra for alle partar, seier Romanov.

Med på besøket var også bønder frå Kaliningrad. Dei var også fulle av lovord.

– Dette var svært interessant, og det er tydeleg at det blir jobba veldig profesjonelt, sa bonde Dennis Tsjulin.

## Nitrogen-diskusjon

Jone Wiig viste russarane rundt på gartneriet, og under omvisinga blant tomatar og agurkar blei det også tillopp til djuptpløyande faglege debattar om nitrogengjødsling. I delegasjonen frå Kaliningrad viste det seg å vere ein professor, og han meinte det kunne vere ein fordel å justere nitrogeninnhaldet til plantane.

– Det var tydeleg at dei hadde greie på det dei snakka om, og det gjer dette svært spanande. Kanskje kan vi også dra nytte av den enorme kunnskapen dei sit med på mange felt, seier Jone Wiig etter besøket.

## Skal dyrke 1 million mål

Ein av pådrivarane bak statsrådbesøket er selskapet Supportnet Agro. Det norske holdingselskapet har sikra seg ein avtale om å få leige ein million mål dyrkbar jord i Kaliningrad, som ligg langs Austersjøen mellom Litauen og Polen. Dagleg leiar Jonny Bunæs ønskjer gjennom besøket å knytte tettare band mellom norske bønder og Kaliningrad for å få til ei opprusting av landbruket.

– Besøket har gått veldig bra så langt, og det er mange bønder som har vist interesse.

**– Trur du det er mange norske bønder som vil reise over og starte opp i Kaliningrad?**

– Eg trur det kan vere interessant for mange om vi får til godt samarbeid. Og om det ikkje blir så mange som reiser over så kan det vere fleire som er interessert



**MINISTERBESØK:** Landbruksministeren i den russiske enklaven Kaliningrad, Wiig (rød dress i midten) der det blir dyrka tomatar og agurkar gjennom heile

## DETTE ER SAKA

■ Norske interesser har gjennom eit russisk selskap fått hand om ein million mål dyrkbar jord i Kaliningrad, som er ein russisk «stat» med delvis sjølvstyre på grensa mellom Polen og Litauen opp mot Austersjøen.

■ Landbruket i Kaliningrad ligg nede for teljing etter kommunistasambrotet, men nå vil styresmaktene i

Kaliningrad i samarbeid med dei norske interessene prøve å få landbruksproduksjonen på fote att.

■ Selskapet Supportnet Agro tilbyr norske bønder å leige jorda på langsiktige kontraktar og med opsjon til kjøp. Arealet er stort nok til at 100 bønder kan dele jorda og få 10.000 mål kvar.

*Kjelde: Supportnet Agro*

i å selje tenester og hjelpe til, seier Bunæs.

## Held døra på gløtt

Jone Wiig legg ikkje skjul på at han tykkjer prosjektet i Kaliningrad høyrest svært spanande ut. Men kva det blir til er han meir i tvil om.

– I utgangspunktet har eg meir enn nok å gjere her heime, men det verkar svært spanande og det kan vere bra å halde kontakten og sjå kva som skjer, seier han.

Broren Thomas Wiig (30) driv med mjølkeproduksjon, og han var med på besøk i Kaliningrad

**JACKPOT**  
Spill innen lørdag kl 15:00

Spiller du Lyntoto, plukker vi ut favoritter og outsiders for deg

Selvølgelig kan du være med å spille om de store pengene selv om ikke du har peiling på hest. Be om en Lyntoto på det beløpet du vil spille for, så ordner maskinen resten!



Andrey V. Romanov (t.v.), besøkte fleire landbruksbedrifter og bønder på Jæren i går. Her på visitt i drivhusa til Jone året. FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

før jul. Han gir også uttrykk for at det verkar spanande, men held seg avventande inntil vidare.

Jarle Wiig, som er far til Jone og Thomas, håper nokon vil gå i gang med oppdyrkinga av dei enorme områda med brakklagd jord i aust.

– Det hadde vore veldig bra om nokon ville gå i gang, for det er fælt at så mykje jord ligg ubrukt når vi veit verda treng meir mat, seier han.

– Du fryktar ikkje at sønene dine reiser til Kaliningrad for godt?

– Hehe, nei, det trur eg ikkje. Men det er flott å utveksle erfaringar og kunnskap, og det tek uansett ikkje så mange timar å reise dit med fly, seier han og smiler.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE  
bjarne.aase@nationen.no

## Flere NRK-lisenser enn planlagt i 2008

**30.000 flere enn NRK hadde budsjettert med, betalte NRK-lisens i 2008.**

Det opplyste kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas da han torsdag la fram 2008-regnskapet for Kringkastingrådet.

Til tross for flere lisenser og større lisensinntekter, måtte NRK i fjor tåle et underskudd på vel 80 millioner kroner. Mye av dette underskuddet, vel 69 millioner kroner, skyldtes økte pensjonsutgifter etter at det i løpet av året ble innført nye måter å beregne pensjonene på, opplyser Bjerkaas.

NRK har gått med underskudd de siste par årene. I 2007 var det på 160 millioner kroner. Underskuddene skyldes i stor grad at selskapet i 2007 begynte omleggingen fra analoge til digitale sendesystemer, opplyser kommunikasjonsdirektør Sigurd Sandvin til NTB.

### Digital omlegging

– Omleggingen skal strekke seg over tre kalenderår, og kostnadene i samband med omleggingen er engangskostnader, sier Sandvin, som understreker at NRK har styring med kostnadsutviklingen.

Kringkastingssjef Bjerkaas sier at NRK har fått tillatelse av Kulturdepartementet til å øke det budsjetterte underskuddet i 2008 med mellom 60 og 80 millioner kroner.

Det er innført stillingsstopp i NRK. I 2008 ble bemanningen minsket med 100 personer, og stillingsstoppen varer ved.

– Personalkostnadene økte i fjor med 1,7 prosent, og det er bra med tanke på at lønnsøkningen samme år var på om lag 6 prosent, sier Bjerkaas.

### Enormt flatskjermsalg

NRK forklarer økningen i tallet på lisensbetalere med at det er flere som kjøper seg stor flatskjermer for å se på fjernsyn. Det har vært et enormt salg av flatskjermer i Norge de siste årene, og det gjør at nye personer blir fanget opp av lisensregisteret ved kjøp av flatskjermer, påpeker Sigurd Sandvin.

Ifølge Sigurd Sandvin er det bare 10 prosent av den aktuelle befolkningen som i dag ikke betaler lisens. Antallet lisensnekttere har vært oppe i så mye som 20 prosent, men har i de siste årene gått svakt nedover.

©NTB

## Hydro kutter trolig 250-300 stillinger

**ØKONOMI.** Norsk Hydro vil kutte stabs- og administrasjonskostnadene med 700-800 millioner kroner sammenlignet med 2008, og kutter trolig 250-300 stillinger.

Redusert aktivitetsnivå internt, og dermed lavere bemanningsnivå, står for 60 prosent av innsparingene i Norsk Hydro. Resten av kuttene er knyttet til eksterne kostnader for tjenester og konsulenter, melder Norsk Hydro i en pressemelding.

De fleste innsparingene er ventet å være i full effekt fra første kvartal 2010, mens andre vil ta lengre tid.

– Hydro har allerede beslut-

tet å implementere vidtrekkende tiltak for å møte den meget spesielle markedssituasjonen. Produksjonen av primæraluminium vil ved utgangen av april være redusert med 400.000 tonn per år, eller 23 prosent, sammenlignet med 2008. Dette vil føre til en bemanningsreduksjon på om lag 900. Gjennom produksjonstilpasninger i Aluminium Produkter vil bemanningen være redusert med 2.200 ved utgangen av 2009 sammenlignet med midten av 2008, skriver Norsk Hydro.

Selskapet varsler at de også vil vurdere ytterligere forbedringstiltak.

©NTB



**millioner**

Siden V75-spillet startet i 1995 har 37 vinnere vært alene om å ha 7 rette. Sist var 29. november 2008.



*Spillet som hjelper deg å vinne*